



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
37/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	02.05.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FA - M12, HistSak - 09/2089	14/867

### UTBETRING VAKSDAL VASSVERK - MOGLEG KONFLIKT MED TRASE FOR NY E16 UTSETTING AV OPPSTART UTBYGGING

#### Vedlegg:

16\_36675-3 - Vedk. reguleringsplan for Vaksdal vassverk - Vaksdal kommune  
Oppsummeringsnotat\_Vaksdal vassverk\_190416

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune tek uttale frå Statens vegvesen til etterretning, og utsett endeleg godkjenning av reguleringsplan samt utbygging inntil trasé for ny E16 er klargjort. Dersom ein ikkje kan byggje grunnvassanlegget i Sædalen som prosjektert vil Vaksdal kommune krevje å få erstatta kostnadene til planlegging.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 37/2016

#### FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Vedtak:

Vaksdal kommune tek uttale frå Statens vegvesen til etterretning, og utsett endeleg godkjenning av reguleringsplan samt utbygging inntil trasé for ny E16 er klargjort. Dersom ein ikkje kan byggje grunnvassanlegget i Sædalen som prosjektert vil Vaksdal kommune krevje å få erstatta kostnadene til planlegging.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Kommunestyret i Vaksdal vedtok i sak 52/2014 den 15. september 2014 å nytte grunnvassskjelde i Sædalen som ny vassskjelde for Vaksdal vassverk.

Cowi vart engasjert til å utarbeide forprosjekt, reguleringsplan og samt detaljprosjektere vassverket. Reguleringsplan er utarbeid og har vore på høyring. Forprosjekt og detaljprosjektering av nytt vassverk er ferdigstilt, og konkurransegrunnlag for bygging er klar for utsending på anbod.

I brev av 7. april 2016 ber Statens vegvesen om at Vaksdal kommune utsett slutthandsaming av reguleringsplanen då det er mogeleg at det kan oppstå arealkonfliktar mellom ny E16 og borebrønnane. Vegvesenet skriv at det kan ta inntil 1 år før ein har avklart om det ligg føre ein

konflikt.

### **Konklusjon**

Rådmannen anbefaler at ein tek ønske frå vegvesenet om utsetting av endeleg godkjenning av reguleringsplan til etterretning. Dersom ein ikkje kan byggje ut vassverket som planlagt bør Vaksdal kommune krevje kostnader til planlegging erstatta.